

# Kvinnherad idrettsråd



Organisasjonsledd i  
**NORGES**  
**IDRETTSFORBUND**

28.05.2015

**Referat frå styremøte tysdag 19.05.2015**

**Rådhuset, Rosendal kl. 18.00 – 20.00**

**Møtt:** Henriette Seim, Gunnar Våge, Anna Prestnes, Bjarte Solheim, Dagfinn Gjerde, Anbjørn Høivik

**Forfall:** Steinar Bjørkelund

## **1. Budsjett 2015**

### **Utarbeide og vedta årsbudsjett.**

Gunnar la fram framlegg til budsjett for 2015. Med desse endringane vart det samrøystes vedteke:

Heimeside – 15 000

It-kostnader – 2 500

Medlemskontingent – 13 000

Gunnar sender ut det endelege budsjettet per e-post når han har gjort endringane.

Undersøke korleis ein skal registrere budsjett. Gunnar snakkar med Per om korleis han gjorde dette.

Det er 26 medlemmer i idrettsrådet, Gunnar finn ut korleis ein skal fakturera kontingenten. Ein tenker å fakturere i september.

## **2. Vedtekter**

**Idrettsrådet er utan eigne vedtekter. I løpet av året vil styret utarbeida eit framlegg til vedtekter som skal leggjast fram for årsmøtet 2016. Prosess for dette vert drøfta.**

Anbjørn har undersøkt, og funne normalvedtekter for alle idrettsråd. Hentar desse vedtektene, kontaktar idrettslaga om dei har innspel.

Korleis innføre – plukka opp, leggja dei ut og få medleamar til å uttale seg.

Vente til etter sommaren med å sette i gang, slik at fristen ikkje blir så lang.

Legg fram vårt forslag om to møter, viser kretsen, legg fram for årsmøtet.

Anbjørn følgjer opp.

### 3. Valkomite 2016

#### **Styret vel ny valkomite. Gunnar førebur saka.**

Per Mykjebust (ny) og Jeanett Rangsæter (gjenvæl) vart valt inn i komiteen.

Anna og Dagfinn finn eit 3. medlem frå Husnes-området og legg fram forslag på neste møte.

### 4. Registrering i Brønnøysundregistra

#### **Gjeld avklaring om korleis rådet sin bankkonto skal handterast. Gunnar førebur.**

Bankkonto – er anbefalt å registrera seg i Brønnøysund registeret. Må ha vedtekter for å kunne registrere seg, Gunnar sjekkar opp i om dette stemmer. Dette vil då blir gjort ved neste årsmøte når vi har fått vedtekter.

### 5. Heimeside og domene

- **Avtale med iDrift. Dagfinn orienterer.**
- **Val av domenenamn. Anna førebur saka.**
- **Vi drøfter utforming og oppsett. Anna førebur.**

Anna har snakka med iDrift. 15 000 skal betalast for etablering av ny heimeside, uansett. Overskytande kostnadar vert dekkja av iDrift. Ein må betale 399 kvart månad til drifting av sida. Styret gjekk samrøystes inn for denne løysinga.

Anna snakkar med ein tekniskar, Daniel, som begynner å jobbe med saka. Ein prøver å få iDrift med på at vi kan bruke dei gjennom etableringsfasen, ein støtte i utviklingsprosessen. Anna snakkar med iDrift og forhandlar til ein avtale ein kan signere. Målet er å vere oppe å gå i juli.

Ein kan prøve å få denne sida sponsa gjennom gåve frå Sparebank 1-stiftinga Kvinnherad?

Styret gjekk inn for domenenamnet [www.kvinnheradidrettsrad.no](http://www.kvinnheradidrettsrad.no).

## 6. Søkekurs for idrettslaga

**Vi drøfter type kurs, innhald, opplegg og kva tid det skal gjennomførast.**

Anbjørn fortel kva dette er, og kva datoar som gjeld.

Spelemiddel, kommunen må ha klare vedteker som seier korsleis dette skal gå føre seg.

Styret ønskjer ein årleg, lokal anleggskonferanse rundt april. I år må dette gjerast i august pga. knappe fristar. Fokus på korleis drive søknad. Liten breidde i denne første konferansen, større breidde seinare år om dette blir suksess.

Innhald – Dialog med idrettslaga om anleggsbehov og ønskjer. Kulturkontoret fortel korleis ein søknad skal skrivast. Henta impulsar frå andre plassar. Få folk til å kunne setje saman ein søknad, og få dei til å søkje.

## 7. Status og orienteringar

- **Kurs i KlubbAdmin 21.04.2015 på Husnes. Steinar deltok og delar erfaringane med resten av rådet.**
- **Oversikt over idrettslaga i Kvinnherad. Dagfinn orienterer.**
- **Mindreårige utøvarar med lita betalingsevne. Vidareføring av drøfting frå førre møte. Saka Utsatt**
- **Deltaking og saker til Idrettspolitisk møte 28. mai (Bergen) og Idrettstinget 5.-7. juni (Trondheim).**

- Kurs – Steinar deltok, var ikkje på møtet, har skreve ein rapport om kurset som vart delt ut. Styret vil bidra til å få idrettslaga til å ta i bruk moglegheitene KlubbAdmin.

Kan ein fakturere ut til våre medlemar gjennom dette?

- Oversikt over idrettslaga i Kvinnherad vert lagt fram på ark.

Sjekke om desse opplysningane stemmer. Lista vart delt mellom fem av styremedlemene som sjekkar med idrettslaga om opplysningane stemmer og evt. oppdaterer. Rapportering til Dagfinn innan 1. juni.

- Deltaking og saker til idrettspolitisk møte i krinsen 28. mai. – ingen reiser.

## 8. Ymse

### **Idrettsstipend i Kvinnherad**

Idrettsstipend i Kvinnherad – idrettsrådet stiller seg positiv til dette. Kva skal det støtte opp under – utøvarar som har steget ut av Kvinnherad og opp på elitenivå. Forslag om å dela prisen til både elitesatsarar, og til lokale idrettslag som vil satsa på felles/samlende breiddetiltak.

Finansiering – få bedrifter til å sponse.

Finne statuttar frå andre kommunar, og ta diskusjons utgangspunktet der.

Bjarte går i møte med Linda og følgjer opp saka vidare for idrettsrådet.

### **Momsrefusjon**

Momsrefusjon – vi tar dette med vidare. Bryr oss ikkje om dette no.

**Idrettsrådskonferanse.** Tek dette opp over sommaren.

**Registrering i SportsAdmin?** Ikkje behandla

**Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.** Handlingsdelen av planen skal rullerast. Anbjørn held kontakt med kommunen om dette.

### **Postadresse**

Anbjørn sjekkar om vi har postboks.

### **Perm til nye styremedlemer**

Kontakte krinsen å få idrettsrådsperm til Bjarte, Henriette og Steinar.

## 9. Neste møte

Neste møte vert **tysdag 18.august kl. 18 – 20**. Trio krev betaling for bruk av sitt hus, så Anbjørn finn eit anna lokale vi kan låna av kommunen.

Ref. Henriette Seim